

Lønstilskot til sommararbeid – 2019

Heileigde kommunale selskap treng ikkje ha tilhald i Fyresdal. Private eller offentlege verksemder, eller private personar i Fyresdal som tek inn skuleungdom frå Fyresdal, som er mellom 16 og 19 år i kalenderåret, får eit lønstilskot på:

1. 50 % av utbetalt timeløn, maks kr 50,- pr. time for arbeidstakerar mellom 16 og 19 år. Lønstilskotet blir utbetalt mot dokumentasjon, siste frist for innsending av dokumentasjon er 15. september. Det skal også dokumenterast at arbeidsgjevaravgift og eventuelt skattetrekk er innbetalt.
2. Verksemder søkjer kommunen før 20. mai, om å ta inn namngjevne personar. Det kan godkjennast inntil 150 timar for kvar arbeidstakar for arbeid i perioden juni, juli og august. Rådmannen godkjenner søknadane innanfor avsette midlar i budsjettet.
3. Det blir ikkje gjeve lønstilskot til ungdom i eigen familie dvs. born og borneborn. Dette gjeld ikkje for næringsdrivande som er registrerte i arbeidsgjevarregisteret.
4. Det blir ikkje gjeve tilskot til arbeid som får vesentlege kommunale tilskot etter andre reglar.
5. Arbeidsavtale skal fylgje med søknaden, og skal brukast som grunnlag for prioritering blant søknadane.
6. Brot på arbeidsavtala kan føre til inndraging av innvilga tilskot.
7. Det blir ikkje gjeve lønstilskot til lag og organisasjonar.

Ungdomsarbeid sommaren 2019 – søknad om lønstilskot

Søkjar (arbeidsgjevar):	Adresse:	Organisasjonsnummer:
Namn på sommarvikaren:	Adresse:	Fødselsdato:

Det blir søkt om inntil timar (maks. 150 t. per ungdom)

.....

Dato

Arbeidsgjevar (for verksemda)

Det må ligge ved ei arbeidsavtale som gjeld arbeid, tid og løn, i underteikna stand.

Tilskotet er 50 % av utbetalt løn, maks. kr 50,- per time, for skuleungdom frå Fyresdal som er mellom 16 og 19 år. Vi må difor ha klart kva ungdomen får i timeløn. Det er høve til å dele på rolla som arbeidsgjevar, innanfor ramma på 150 t. Dette må kome fram av søknaden. Lærlingar kjem ikkje inn under ordninga.

Kommunestyret vedtok 06.04.2016 visse endringar i regelverket. Les godt igjennom dei nye reglane;

- Aldersgrensa er nå endra til 16-19 år (i løpet av kalenderåret).
- Timetalet er redusert til 150 timar.
- Sommararbeidet må vere innanfor månadene juni, juli og august.
- I budsjettet er det sett av totalt kr 250 000,- til lønstilskot. Denne summen må fordelast på alle søkerane. Det kan difor bli mindre enn kr 50,- pr. time i tilskot ved mange søkerar.

Arbeidsavtale – 2019

Arbeidsgjevar:	
Adresse:	
Organisasjonsnummer:	

Arbeidstakar:	
Adresse:	
Fødselsdato:	

Arbeidsoppgåver:	
Arbeidstid:	
Løn pr. time:	Kr
Arbeidsperiode:	
Grunnlag for arbeidsavtala:	Sommararbeid

Arbeidstilhøvet vert avslutta utan nærare varsel den: _____

- Løn vert utbetala etter timelister ein gong pr. veke/månad (stryk det som ikkje passar).
- Feil utbetala løn skal betalast attende etter avtale, ved trekk i løn eller på annan måte.
- Oppseiingsfristar fylgjer reglane i Arbeidsmiljølova og ev. tariffavtale.
- Ferie og feriepengar blir regulert av Ferielova.
- Tilsetjing skjer elles på dei vilkåra og med dei pliktene som fylgjer av gjeldande lovverk, reglement og avtaler mellom partane, sentralt og lokalt.

Stad/dato: _____

Arbeidsgjevar

Denne avtala er laga i to eksemplar. Den eine til arbeidsgjevar, den andre til arbeidstakar.

For arbeidstakaren:

Eg tek imot tilbodet om stillinga på dei vilkåra som er nemnde ovanfor.

Eg kan ta til i stillinga: _____
Dato

Stad/dato: _____

Arbeidstakar

Blir det søkt om lønstilskot frå Fyresdal kommune til sommararbeid for skuleungdom, må kopi av denne arbeidsavtala leggst ved søknaden.